

**Sakshandsamar:**Einar Ulla
E-post: einar.ulla@sfj.no
Tlf.: 57638051**Vår ref.**

Sak nr.: 19/4185-4

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Til: Fylkestinget

Kopi: Fylkesutvalet

Dato

LEIKANGER, 6.5.2019

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2018

Kontrollutvalet har i møte 6. mai 2019 behandla uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

Grunnlaget for behandlinga har vore:

- Årsrekneskap 2018
- Fylkesrådmannen sin årsrapport for 2018
- Revisjonsmelding frå SF revisjon, datert 15. april 2019

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var til stades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarde på spørsmål.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2018 viser eit mindreforbruk på 56,5 mill. kroner. Netto driftsresultat er på 196,0 mill. kroner som er 5,9% av driftsinntektene, mot 10,5% i 2017. Gjennomsnittleg netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter for alle fylkeskommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på 3,8% i 2018. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 4 prosent.

Fylkeskommunen sitt disposisjonsfond var i 2018 på 27,5% av driftsinntektene, mot 23,7% året før. Tilsvarande tal for fylkeskommunane samla i 2018 var på 10,8% ifølgje årsrapporten frå fylkesrådmannen.

Rekneskapen viser ein liten reduksjon i langsiktig gjeld i høve til 2017. Langsiktig gjeld i 2018 er på 70,9% av brutto driftsinntekter mot 71,7% i 2017. Gjennomsnittet for landet utanom Oslo er 81,7% ifølgje SSB.

Revisor har ved fleire høve informert kontrollutvalet om revisjon av rekneskapen, der utvalet har fått orientering om innhaldet i revisjonsplan og om framdrift i revisjon av rekneskapen. Revisor presenterte plan for revisjonsarbeidet i kontrollutvalsmøte 25. september 2018, og status pr. 25. april viser at revisor har gjennomført dei handlingar som er presentert i planen.

Kontrollutvalet har motteke uavhengighetserklæring frå revisor, der oppdragsansvarleg revisor si uavhengighet til fylkeskommunen vart stadfesta.

Revisor har følgd opp dei avtalar som er gjort med kontrollutvalet vedrørende revisjon av rekneskapen.

Revisor har avgitt ei revisjonsmelding med atterhald. Revisor skriv følgjande om grunnlaget for konklusjon med atterhald:

Med visning til rekneskapsskjema 2A og økonomisk oversikt- investering er det avsett kr. 370 623 477,- til disposisjonsfond i investeringsrekneskapen. Av dette høyrer kr. 366 314 538,- til dei avsluttande overføringane av verdiar knytt til avviklinga av selskapet F1 Holding AS som var 100% eigd av fylkeskommunen. Etter vår meining ligg det ikkje føre budsjettedtak for ein slik finansiering som dermed er i strid med retningslinjene i forskrift om årsbudsjett §15 tredje ledd, som seier at endringav årsbudsjett ikkje kan utførast etter

utløpet av budsjettåret. Følgeleg ville investeringsrekneskapen vore gjort opp med eit udisponert beløp på kr. 366 314 538,-.

Årsrapporten frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll (internkontroll)», «etikk», «likestilling» og «diskriminering» skal omtalast.

I kontrollutvalet sin uttale i fjor var det peikt på at etikk i liten grad var omtalt i årsrapporten for 2017. I årsrapporten for 2018 er dette omtalt på ein betre måte.

Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmelding datert 15. april 2019, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2018.

Med helsing

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift